

Planprogram

Trafikksikringsplan 2018-2025

Ulvik Herad

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver:	ULVIK HERAD
Rapporttittel:	Planprogram - Trafikksikringsplan 2018-2025
Utgave/dato:	1/
Filnavn:	Planprogram - Trafikksikringsplan 2018-2025.docx
Oppdrag:	618052-01–TS - plan med skiltplan - Ulvik herad
Oppdragsleder:	Christian Frønsdal
Avdeling:	Plan
Fag:	Trafikk- og transportanalyser
Skrevet av:	Christian Frønsdal
Kvalitetskontroll:	Audun Kvam
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FØREORD

Asplan Viak er engasjert av Ulvik herad for revisjon av trafikksikringsplan (heretter omtalt som «TS-plan») og ny skiltplan. Denne rapporten gjeld planprogram for TS-planen. Christian Frønsdal er kontaktperson for oppdraget. Audun Kvam og Trygve Andresen har også deltatt i arbeidet.

Christian Frønsdal har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Bergen, 09.05.2018

Christian Frønsdal

Oppdragsleiar

Audun Kvam

Kvalitetssikrar

INNHALD

1	Bakgrunn.....	4
2	Føresetnader for planarbeidet	5
2.1	Nasjonale føringar	5
2.2	Regionale føringar.....	6
2.3	Kommunale føringar.....	7
3	Hovudproblemstillingar i ny plan.....	8
4	Utgreiingsbehov	9
5	Mål i planen.....	10
5.1	Resultatmål	10
5.2	Effektmål	10
6	Planprosessen	11
6.1	Organisering	11
6.2	Hovudfasar i planprosessen	11
6.3	Informasjon, medverknad og involvering	11
7	Bakgrunnsmateriale	12


1 BAKGRUNN

Ulvik herad treng ein velfungerande trafikksikringsplan. Gjeldande plan (2003-2012) er utdatert. Heradet skal difor revidera trafikksikringsplanen for perioden 2018-2025. Regionale mynde krev at heradet har ein oppdatert trafikksikringsplan for å kunne søka tilskot til trafikksikringstiltak.

2 FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET

2.1 Nasjonale føringer

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring 2018-2021 påpeiker at det på landsbasis var 791 drepne og hardt skadde i 2016, noko som er 31 fleire enn ein utvikling i samsvar med målkurva (jf. figur 1). I 2022, dvs. året etter at tiltaka i tiltaksplanen skal vera gjennomført, bør det etter målkurva maksimalt vera 550 drepne og hardt skadde i vegtrafikken. Figuren viser at vi etter 2011 har hatt ein langt dårlegare progresjon enn det som er nødvendig dei komande åra. Tiltaka som vert gjennomført i planperioden må med andre ord gje ei markant reduksjon i drepne og hardt skadde for at ein skal halde tritt med gjeldande etappemål.



Figur 1. Reell og ønskt utvikling i talet på drepne og hardt skadde i Norge fram mot 2030.
Kjelde: Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring 2018-2021.

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring 2018-2021 vektlegg kommunane sitt ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet. Som vegeigar, har kommunen også eit spesifikt ansvar for trafikksikringstiltak på kommunale vegar. Iht. folkehelselova og plan- og bygningslova har kommunen eit generelt ansvar for å forebygga skader og ulukke lokalt. Kommunane har ansvar og verkemidlar som kan bidra til auka innsats i det lokale trafikksikringsarbeidet. Dei er store arbeidsgjevarar og kjøparar av transportteneste. I tillegg er dei eigarar av barnehagar og skuler.

Organisering av trafikksikringsarbeidet i kommunane varierer. Det er relativt få kommunar som har eigne trafikksikringsutval. I nokon kommunar fungerer formannskapet som trafikksikringsutval. Enkelte kommunar har eigne utval med politiske representantar, mens andre igjen har lagt denne funksjonen til administrasjonen. Ulvik herad har ikkje eget trafikksikringsutval.

Tidlegare undersøkingar viser at det er utarbeida kommunale trafikksikringsplanar i rundt 96 prosent av alle kommunar. Men mange av planane er av eldre dato, der gyldig planperiode er utgått, utan at planen er revidert. Planperioden er i dei fleste tilfelle fire år, men strekker

seg i enkelte kommunar opp til ti år. Per januar 2018 hadde 220 av 423 kommunar (dvs. 52 prosent) trafikksikringsplan som er gyldig i 2018.


2.2 Regionale føringar

2.2.1 Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Målsetting

Nullvisjonen om ingen omkomne eller hardt skadde i trafikken ligg fast, og er utgangspunktet for alt trafikksikringsarbeid. Nullvisjonen inneber at tiltak må setjast i verk der det er størst sjanse for at ulukker med alvorlege utfall skjer. Trafikkulukker er eit samfunnsproblem som har store ringverknader økonomisk, materielt og gjennom tapt verdiskapning. For å kunne redusera talet på trafikkulukker må tiltak utførast over eit breitt spekter, og av mange ulike aktørar.

Målkurve for talet på drepne og hardt skadde i Hordaland fram til 2030, samt utviklinga i talet på drepne og hardt skadde i perioden 2004–2016, går fram under. I tillegg til samla tal på drepne og hardt skadde vises fordeling på riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Tal på drepne og hardt skadde på privat veg open for allmenn trafikk (parkeringsplass, skogsbilveg m.m.) er ikkje spesifisert i eiga kurve, men inngår i kurva for totalt tal på drepne og hardt skadde.



Figur 2. Reell og ønskt utvikling i talet på drepne og hardt skadde i Hordaland fram mot 2030. Kjelde: Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Strategi for trafikksikring

Folkehelselova legg til grunn at alle kommunar skal utarbeide ei kunnskapsoversikt som skildrar lokal folkehelsestatus, inkludert oversikt over skader og ulukke. Kommunane har ansvar for utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Planane skal vere heilskaplege

og gje innspel om tiltak på riks- og fylkesvegnettet. Fylkeskommunen legg vekt på at planane omfattar gode tiltak på det haldningsskapande og organisatoriske feltet.

I tillegg til tiltak retta inn mot møte- og utforkøyringsulukke, så er det stort behov for å auke satsinga på trafikksikringstiltak for mjuke trafikantar. Trygge skuleveggar er eit viktig område innan trafikksikringsarbeidet. Dette må sjåast i samanheng med ei styrking av gang- og sykkeltiltak i regionsentra. Investeringsprogram for fylkesvegnettet vil omhandle ulike tiltak for å betre trafikksikkerleiken.

2.3 Kommunale føringar

Kommuneplanens samfunnsdel (KPS) 2009-2020 påpeiker at Trafikksikringsplan for perioden 2003-2012 før utgangen av perioden skal rullerast med tanke på oppjustering av målsetjingar og tiltak som ikkje er utgreidde eller innfridde. KPS vektlegg at fokuset i samband med rulleringa vil verta fartsdempande tiltak, skredsikring, unge og trafikk, parkering og trafikksikkert nærmiljø.

Utarbeida ROS-analyse i samband med rulleringa av kommuneplanens arealdel 2016-2028 påpeiker mellom anna trafikale utfordringar i høve trafikksikring som må vurderast i arbeidet med trafikksikringsplanen.

Gjeldande Trafikksikringsplan vart vedteken i 2003. Kommunestyret vedtok i 2016 (sak 15/189) kommunal planstrategi. Her går det fram at gjeldande trafikksikringsplan skal reviderast i 2017. Det er nødvendig å revidera trafikksikringsplanen snarast mogleg slik at kommunen kjem i søkeposisjon på midlar til trafikksikringstiltak.

3 HOVUDPROBLEMSTILLINGAR I NY PLAN

Planen skal på bakgrunn av faglege utgreiingar og vurderingar prioritere kva fysiske og ikkje-fysiske tiltak som skal setjast i verk. Kostnader og forventa framdrift skal belysast og det må stillast krav om årleg rapportering. Hensikta er at trafikksikringsplanen skal ha eit solid eigarskap tverrsektorielt og at planen skal legge føringar for alt trafikksikringsarbeid i kommunen. Alle kommunens ansvarsområde skal være ivaretatt.

Planen vil ha hovudfokus på å definera konkrete verkemiddel som kommunen kan anvende for å oppnå nasjonale og regionale ambisjonar om trygging av skuleveggar, auke andelen gåande og syklande ved å legge til rette for trygg ferdsel for desse trafikantgruppene, opplæring retta mot barnehage og skuler mm.

Planens andre hovudfokus er generell trafikksikring.

4 UTGREIINGSBEHOV

For å kunne utarbeida ein trafikksikringsplan er det behov for kunnskap om lokaltrafikale utfordringar. Gjennom vurdering av ÅDT (årsdøgntrafikk), ulukke og standard på det private, kommunale og fylkeskommunale veganlegget, samt innspel frå lokalbefolkning og organisasjonar, skal det dannast eit bilete av situasjonen i dag. Dette er nødvendig for å kunne spissa innsatsen til der behovet er størst.

Etter ønskje frå heradet, vil det også utarbeidast ein skiltplan som inngår som vedlegg til trafikksikringsplanen. Ein skiltplan vil bidra til forbetring av trafikksikringsplanen.

5 MÅL I PLANEN

5.1 Resultatmål

Planen skal gje føreseielege rammer for trafikksikringsarbeidet i heradet og til ein kvar tid synleggjera kva innsatsområde som har høgast prioritet.

5.2 Effektmål

Planen skal synleggjere eventuelle behov for bygging av gang- og sykkelveggar, fartsreducerande tiltak og generell tilrettelegging for mjuke trafikantar. Planen skal bidra til opplæring og informasjonsdeling slik at arbeidsgjevarar, skuler og barnehagar kan rette spesielt fokus på trafikksikring i sin daglege drift.

Planen skal vidare tene som grunnlag for kommunens prioritering overfor regionale mynde kva gjeld innspel til prioritering av trafikksikringstiltak langs fylkesveg.

Planens handlingsprogram (lista over fysiske og ikkje-fysiske tiltak som skal gjennomførast i planperioden) skal leggjast fram for formannskapet kvart år for gjennomgang. Det skal rapporterast på status for dei ulike tiltaka.

6 PLANPROSESSEN

6.1 Organisering

Formannskapet som fast utval for plansakar er styringsgruppe for prosjektet. Det skal etablerast ei tverrfagleg prosjektgruppe for koordinering av arbeidet. Øvrige organisasjonar og overordna mynde inviterast til å delta i referansegruppe.

6.2 Hovudfasar i planprosessen

Når	Kva
27.04.18	Utarbeiding og levering av planprogram
11.05.-22.06.18	Melding av prosjektoppstart og kunngjering av planprogram
Haust 2018	Utarbeiding av TS-plan / høyringsutkast
12.10.18 / 16.11.18	Levering av første høyringsutkast
26.10.18 – 07.12.18 / 30.11.18 – 11.01.19	Kunngjering av første høyringsutkast
Desember 2018 til Mars 2019	Revidering av første høyringsutkast
Mars 2019	Levering av det reviderte framlegget til planen
April – Mai 2019	Politisk vedtak og kunngjering

6.3 Informasjon, medverknad og involvering

Gjennom ein bred medverknadsprosess skal det informerast om arbeidet og hentast inn innspel frå innbyggjarar, skuler, barnehagar, lokale næringar/arbeidsplasser. Det skal etablerast ei eiga referansegruppe med eksterne aktørar og en tverrsektoriell prosjektgruppe (jf. kap. 6.1).

7 BAKGRUNNSMATERIALE

- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021
- Regional transportplan Hordaland 2018-2029
- Kommunal Trafikksikkerhetsplan Ulvik herad 2003-2012
- Kommuneplan samfunnsdelen Ulvik herad 2009-2020
- Kommuneplan arealdelen Ulvik herad 2016-2028
- Kommunal planstrategi Ulvik herad 2016-2020